

ÅRSPLAN 2016

VERDISKAPINGSPLANEN FOR SOGN OG FJORDANE 2014 – 2025



Gjennomføring er partnerskapsarbeid

Innholdsliste

1	Innleiing	side	3
2	Nyskaping		4
	Styrking av næringsapparatet / kommuneretta innsats		5
	Andre tiltak		7
3	Kunnskap		10
4	Reiseliv		14
5	Olje og gass		18
6	Sjømatnæringane		19
7	Politiske problemstillingar		22

1 Innleiing

1.1 Politiske vedtak

Formelle vedtak:

- Verdiskapingsplanen vart vedteken av fylkestinget i Sogn og Fjordane 11. juni 2014.
- Ein firårig handlingsplan for perioden 2015-2018 vart vedteken av fylkestinget 9. desember 2014.
- Ein Industristrategi vart vedteken av fylkestinget 13. oktober 2015

Oppfølgingsoppgåver:

- Satsinga landbruk vart lagt ut på høyring ved vedtak i fylkesutvalet 25. november 2015
- Satsinga fornybar energi er føresett utvikla i 2015, men vi har ikkje lukkast i å få tilstrekkeleg engasjement i energibransjen til å setje i gang.

Nokre kommentarar:

- Overordna politisk ansvar for oppfølging av handlingsplanen er lagt til Fylkesutvalet. Dette inkluderer i det vidare arbeidet årleg vedtak av årsplan for arbeidet fram til hovudrevisjon i 2018. Ansvar lagt til hovudutvala følgjer den til ei kvar tid gjeldande arbeidsdeling mellom dei politiske utvala.
- Industristrategien vert sett i verk som del av verdiskapingsplanen for 2014-2025. Politisk oppfølging av strategien skjer gjennom handsaming av årsplanen for verdiskapingsplanen.
- Landbrukssatsinga kjem inn i årsplanen frå 2017

1.2 Næringsforum sitt oppfølgingsarbeid

Partnerskapen er organisert i næringsforum. Næringsforum er leia av fylkeskommunen v/ fylkesdirektøren for Næringsavdelinga. Faste medlemmer i forumet er: NHO, LO, NAV, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen, Landbruksavdelinga, Innovasjon Norge og KS.

Næringsforum føl opp satsingane med vekt på å sikre at mål vert nådde, at arbeidet i dei ulike satsingane fungerer, at vi i fellesskap trekker lærdom av arbeidet og at kunnskap og løysingar frå utviklingsarbeidet vert tekne i bruk.

Næringsforum har ambisjon om minst 5 møte i året.

1.3 Verdiskapingsplanen er nettbasert

Verdiskapingsplanen ligg på nettet; sjå www.verdiskapingsplanen.no

Det er vidare føresett at det operative arbeidet i satsingane vert dokumentert på www.rup.no (sjå <http://rup.no/vision/vision1.aspx?type=1&hierarchyid=1729>)

Føremålet er å sikre at arbeidet er ope tilgjengeleg på ei nettside som kan brukast på tvers av organisasjonsgrenser. Det skal vere mogeleg for partnerskapen og ålmenta til ei kvar tid å sjå kva aktivitet som er prioritert for å nå vedtekne mål. Oppgåva vil bli fullført i 2016.

1.4 Målsettingane

Formulerte målsettingar vert ikkje repeterte i årsplanen med mindre det er viktige endringar.

Det er føresett at målsettingane vert vidareutvikla etter kvart som ei satsing vert utvikla. Det er ei fagleg krevjande oppgåve å presentere resultatinformasjon; særleg dersom vi ønskjer å framstille samanheng mellom innsats og resultat. Utviklingsavtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning har ein aktivitet som handlar om å få fram god informasjon som gir støtte for effektar og resultat av arbeidet.

2 Nyskaping

Arbeidsfeltet femnar vidt, og er delt i følgjande tema

- Næringsapparatet/kommuneretta innsats
- Offentlege tenester
- Virkemiddelpolitikk
- Entreprenørskap

Strategi: <http://verdiskapingsplanen.no/7-nyskaping-evne-til-fange-opp-gode-initiativ/>

Den 4-årige handlingsplanen:

<http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/4-nyskaping-evne-til-fange-opp-gode-initiativ/>

2.1 Kort om organisering av oppfølgjingsarbeidet innan nyskaping

Organisering av oppfølgjingsarbeidet kan grovt sett delast i to:

- Styrking av næringsapparatet/kommuneretta innsats
 - Samlingar, kurs, informasjonsutveksling og koordinering av innsatsen
 - Desse oppgåvene vert løyste av fylkeskommunen si næringsavdeling, i samarbeid med Innovasjon Norge, og i samråd med andre partnarar som kommunar og næringselskap
- Andre tiltak innan plantema nyskaping
 - Offentlege tenester, virkemiddelpolitikk og entreprenørskap
 - Handlingsplanen for 2015-2018 har peika på kven av partnerane som skal ha hovudansvar for å følgje opp det aktuelle området, i samråd med andre partnarar

2.1.1 Styrking av næringsapparatet/ kommuneretta innsats

Organisering av arbeidet

Vi har eit pågåande arbeid med å spele kvarande betre innan næringsutvikling. Dette er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunar og næringssselskap. Gjennom denne innsatsen vert det arrangert ei rekkje kurs og samlingar for å styrke kompetansen innan næringsapparatet. Det er elles gjennomført tiltak for å styrke kommunane og næringssselskapa, og for å sikre ei god informasjonsutveksling mellom dei ulike aktørane som arbeider med næringsutvikling. Det vert også gjennomført etablerarkurs i heile fylket, for å hjelpe etablerarar i gong med å starte si eiga verksemd.

Det vart gjort ein ekstra innsats gjennom eit samarbeidsprosjekt. Innsatsen vart avvikla som prosjekt våren 2015, men store deler av aktiviteten er lagt inn som ei driftsoppgåve i fylkeskommunen si næringsavdeling. Samordninga med dei andre partnerane vert vidareført gjennom eit samarbeid på fagleg nivå. Dette både gjennom praktisk samarbeid i ulike prosjekt og samlingar for næringsmedarbeidarar.

Føringar frå verdiskapingsplanen

Det er utforma følgjande strategiar i samband med verdiskapingsplanen:

1. Eit næringsapparat som arbeider meir utadretta og oppsøkande
2. Styrke næringsapparatet sin kompetanse
3. Forenkle næringsapparatet og legge til rette for felles næringssselskap – og formidle eit meir oversiktleg næringsapparat
4. Styrke koordineringa mellom dei ulike næringsaktørane
5. Utvikle regional beredskap for utvikling av nye næringar

Vi har i tillegg teke med oss føringar frå industristrategien som vart vedteken i oktober 2015, der det vert teke til orde for bransjeuavhengige møteplassar for innovasjon – og møteplassar for kapitaleigarar.

Styrking av næringsapparatet/kommuneretta innsats

- Kompetanseheving gjennom kurs og samlingar

Næringsmedarbeidarar i kommunar og næringssselskap har trong for ulike kurs og samlingar for å vere ein god rettleiar overfor etablerarar og lokalt næringsliv. Dei må også vere trygge på ulike regelverk og rutiner i samband med forvaltning av offentlege midlar. Dette er blant dei kursa som er aktuelle: PLP (prosjektleiarprosessen), regelverk innan offentlege innkjøp, statsstøtteregulverket og kurs i rettleiing av etablerarar. Vi tenkjer å legge følgjande til samlingar for næringsmedarbeidarar: oppfrisking i sakshandsaming, god forvaltning av kommunale næringsfond, ny etableraropplæring og Smidig oppstart. Dei ulike kursa og samlingane fungerer også som gode møteplassar, i tillegg til at dei skal gje påfyll til å arbeide utadretta og oppsøkjande opp mot etablerarar og bedrifter.

- Informasjon og informasjonsutveksling – og nettsida driftig.no

Nye næringsmedarbeidarar i kommunar og næringssselskap vert invitert inn til å møte fylkeskommunen si næringsavdeling og Innovasjon Norge. Dette for å gjere seg kjende med kvarandre, og utveksle informasjon som skal lette kontakten i det daglege.

God informasjonsutveksling er også ein føresetnad for å opptre som eit samordna næringsapparat. Her har vi god nytte av å møtest i samband med kurs, samlingar og studieturar.

Driftig.no er først og fremst ei nettside som skal gje nyttig informasjon til etablerarar og småbedrifter. Deriblant kommunevis informasjon om kvar ein skal vende seg for å finne hjelparar i kommunar og næringssselskap. Driftig.no syner aktuelle tilbod som kan vere av interesse, m.a. ulike kurs og samlingar for etablerarar. Og her finn ein informasjon om det å start si eiga bedrift, råd og inspirasjon. Driftig.no skal vere hovudkanalen for informasjon relatert til nærings- og gründerarbeid, frå kommunalt- og regionalt nivå til etableraren. Men også dei offentlege hjelparane skal ha nytte av driftig.no, ved at ein ser når dei ulike tilboda vert gjevne.

Nettstaden blei nylansert våren 2013. Hausten 2015 blei det gjennomført ei brukarundersøking. Resultata ga grunnlag for å gjere ein del forbetringar med nettstaden. Forbetringane gjeld mellom anna presentasjon, innhald og struktur, samt å engasjere kommunane og næringssselskapa til å bruke nettstaden meir aktivt. Forbetringane vert gjennomført i løpet av våren 2016. Det vert også sett inn arbeid på å marknadsføre nettstaden betre, slik at brukartala aukar. Det vil vere aktuelt å gjere ei ny brukarundersøking i 2017. Resultatet av den vil vere avgjerande for vidareføringa av driftig.no.

- Endra etableraropplæring frå 2016

Fylkeskommunen og samarbeidspartnarane har sidan 2012 tilbudt kurs for å hjelpe folk i gong med å starte si eiga bedrift, dvs etablerarkurs. Det er kvart år helde eitt kurs i kvar av dei fire regionane i fylket, og kvart kurs inneber fire samlingar. Til saman 210 personar har til no fullført etablerarkursa.

I 2015 gjekk kontrakten med leverandør for etablerarkurs ut, og nytt opplegg for etableraropplæring vart lagt ut på anbod i januar 2016. Det vert gjort betydelege endringar, og tilbodet er no todelt; grunnleggjande etablerarkurs og temakurs. Det grunnleggjande etablerarkurset er mindre omfattande i tid enn det førre etablerarkurset, men det er høve til meir individuell oppfølging undervegs. Temakursa er delt i fire sjølvstendige kveldskurs: forretningsmodellering, økonomi, sal og investorkapital. Tema som t.d. forretningsmodellering var tidlegare ein vesentleg del av etablerarkurset. At dette no er skilt ut i eige kurs gjer at det nye etablerarkurset kan konsentrere om grunnleggjande oppstartsmetodikk (Smidig oppstart/Lean Startup), medan temakursa også rettar seg mot etablerte småbedrifter.

Den nye etableraropplæringa er utvikla saman med Innovasjon Norge, og i samråd med kommunar og næringssselskap.

- Stimulere til samarbeid om næringsutvikling – og felles næringssselskap

Samlingane for næringsmedarbeidarar gjev høve til å samrå seg og samordne næringsinnsatsen. Fylkeskommunen har stimulert til felles næringssselskap, og Hafs utvikling er det siste dømet på eit næringssselskap som dekkjer fleire kommunar.

Fylkeskommunen ønskjer at næringssselskapa skal vere trygge i sine strategiar og roller, og i løpet av våren 2016 vert det helde eit seminar for styra og leiinga i dei næringssselskapa som dekkjer fleire kommunar.

- Setje oss betre i stand til å utvikle «nye næringar»

Tilrettelegging for «nye næringar» kan vere utfordrande nok for både det offentlege næringsapparatet og bankane. Vi må her dra veksling på nettverk inn mot FoU og investormiljø som har god kompetanse på dette området, og som kan styrke evna vår til å legge til rette for dei «nye næringane». Konkret innsats vert utforma i 2016.

2.1.2 Andre tiltak innan plantema nyskaping

Vi har ovanfor gjort greie for kva som skal skje i 2016 innan tema næringsapparat og arbeid med styrking av næringsapparatet.

I handlingsplanen for åra 2015-18 har vi peika på kva som skal følgjast opp av andre tiltak innan tema offentlege tenester, entreprenørskap og virkemiddelpolitikk.

Innan desse områda har vi i handlingsplanen for 2015-2018 peika på kven av partnerane som skal ha hovudansvar for oppfølginga innan kvart område, og kven av dei andre partnerane som skal vere med på dette arbeidet.

Dei partnerane som leiar sine område fekk i oppgåve å setje i gong arbeidet på bakgrunn av dei føringane som ligg i handlingsplanen for åra 2015-2018, og dra med seg dei andre partnerane i arbeidet. Den leiande partnaren har fått ansvar for å konkretisere arbeidet i samråd med dei andre partnerane, leie dette arbeidet og rapportere tilbake til næringsforum.

Offentlege tenester

- Gjennomgangsbustadar og arbeidsinnvandring

Når det gjeld offentlege tenester har verdiskapingsplanen framheva ei betre integrering av arbeidsinnvandrarar og lettare tilgang til gjennomgangsbustadar. Fylkeskommunen og Nav følgjer med på det store Vestlandsprosjektet som skal framskaffe betre viten om arbeidsinnvandringa på Vestlandet, og gje betre grunnlag for å setje inn målretta tiltak. Det er NAV som er den leiande partneren her, og NAV har også utforma eit notat som syner stoda her i fylket. I arbeidet med å legge til rette for fleire gjennomgangsbustader dreg ein veksling på Distriktsenteret og Husbanken sin kompetanse. Partnerane har kopla problemstillingane med arbeidsinnvandarar og gjennomgangsbustadar, og tek sikte på å etablere eit nærare samarbeid med kommunar som ønskjer å arbeide godt med begge desse problemstillingane. Som eit del av dette arbeidet vert det helde eit seminar innan gjennomgangsbustadar og integrering av arbeidsinnvandarar i løpet av våren. Det er NAV, Distriktsenteret, fylkeskommunen og Husbanken som står bak dette.

- Hjelp lokale leverandørar til å verte meir konkurransedyktige

Offentleg sektor er storkjøpar av varer og tenester, og ser gjerne at lokale leverandørar er konkurransedyktige og når fram i konkurransen. Vi ønskjer følgeleg å dyktiggjere lokalt næringsliv, og gjerne stimulere til leverandørsamarbeid. Det er NHO som er den leiande partneren i dette arbeidet.

- Hjelp kommunar og dei andre offentlege aktørane til å ha oppdaterte planverk

Gode og oppdaterte planar er eit godt grunnlag for gode og gjennomtenkte løysingar. Dette gjeld frå samfunnsdelen i kommuneplanen og heilt ned til arealplanar. Det er ein del av oppgåva til planfunksjonen i fylkeskommunen å spele kommunar og andre gode innan planlegging. Det vert tilbode samlingar, og lagt til rette for nettverk og samarbeid mellom kommunar.

Virkemiddel innan næringsutvikling

- Styrke tilgangen på risikovillig eigenkapital

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Sparebanken Sogn og Fjordane har etablert eit preså Kornfond som skal gå inn i bedrifter i ei tidleg fase. Fylkeskommunen har også ytt midlar til dette fondet. Det er ønskeleg å tilføre meir midlar til dette preså Kornfondet. Industristrategien som vart vedteken i oktober 2015 tek til orde for at det vert etablert møteplassar for kapitaleigarar, dvs eit investorforum. Det vert arbeidt med dette i 2016.

- Stimulere til vekst i småbedrifter gjennom tilrettelagd innsats innan innovasjon og FoU

Nøkkelen til vekst kan ligge i at dei mange småbedriftene våre får utvikle innovasjonsevna. Med begrensa administrativ kapasitet i mange småbedrifter kan det vere utfordrande nok å gjere seg nytte av virkemiddel innan innovasjon og FoU. Løysinga kan vere ei utvida mentorordning med erfarne rådgjevarar som også kan utfordre småbedriftene til å sjå dei mulighetane som måtte by seg for utvikling og vekst. Vekst i småbedrifter vert det arbeidt vidare med i 2016.

- Stimulere til fleire robuste næringsmiljø og legge til rette for bransjeuavhengige møteplassar for innovasjon og verdiskaping

Fylkeskommunen og partnerane ønskjer fleire robuste næringsmiljø der bedriftene dreg veksel på einannan. Industristrategien som vart vedteken i oktober 2015 tek til orde for å legge til rette for bransjeuavhengige møteplassar innan innovasjon og verdiskaping, som er temabaserte. Det vert arbeidt med dette i 2016.

Entreprenørskap i skuleverket

Fylkeskommunen og partnerane er opptekne av at born og unge skal få god entreprenørskapsopplæring i barnehage, skulen og i den høgare utdanninga. Det er Ungt Entreprenørskap som er ansvarleg for det operative arbeidet. Det vert i løpet av 2016 gjort eit arbeid for å styrke satsinga på studentbedrifter innan høgskule og fagskule.

2.2 Ressursar til arbeidet i 2016

Finansiering

Finansiering av aktivitetane i årsplanen kjem frå midlar avsett til plantema nyskaping i budsjettet for 2016. For 2016 er det avsett 2,55 mill kroner.

Oppsummering over aktiviteter i årsplan for nyskaping 2016

ÅRSPLAN FOR NYSKAPING 2016	
<i>Næringsapparatet/kommuneretta innsats</i>	<i>Andre tiltak</i>
<ul style="list-style-type: none"> • Kompetanseheving gjennom kurs og samlingar <ul style="list-style-type: none"> - Smidig oppstart og rettleiing av etablerarar - Sakshandsaming og god forvaltning av næringsfond - Offentlege kjøp og statsstøtteregelverket - PLP/prosjektleiarprosessen 	<p>Offentlege tenester</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgangsbustadar <ul style="list-style-type: none"> - Samling i april saman med Nav, Distriktsenteret og Husbanken • Arbeidsinnvandring og integrering <ul style="list-style-type: none"> - Dreg veksling på Vestlandsprosjektet om arbeidsinnvandring - Kopla til arbeid med gjennomgangsbustadar • Hjelpe lokale leverandørar til å verte meir konkurransedyktige <ul style="list-style-type: none"> - Pågåande arbeid i regi av NHO • Hjelpe kommunar og dei andre offentlege aktørane til å ha oppdatere planverk <ul style="list-style-type: none"> - Pågåande arbeid i regi av fylkeskommunen sin planfunksjon
<ul style="list-style-type: none"> • Informasjon og informasjonsutveksling – og nettsida driftig.no <ul style="list-style-type: none"> - Samlingar og studietur for næringsmedaridarar - Møte med nye næringsmedaridarar - Oppfrisking av nettsida driftig.no 	
<ul style="list-style-type: none"> • Endra etableraropplæring frå 2016 <ul style="list-style-type: none"> - Grunnleggande etablerarkurs - Fire ulike temakurs/kveldskurs - Samling og opplæring for næringsmedaridarar 	
<ul style="list-style-type: none"> • Stimulere til samarbeid om næringsutvikling – og felles næringssselskap <ul style="list-style-type: none"> - Samling for styra og leiing i næringssselskap som dekkjer fleire kommunar - Samlingar for næringsmedaridarar 	
<ul style="list-style-type: none"> • Setje oss betre i stand til å utvikle «nye næringer» <ul style="list-style-type: none"> - Styrke næringsapparatet si evne til å vere med å utvikle «nye næringer» - Dra veksling på nettverk inn mot FoU, bankar og investormiljø 	
	<p>Virkemiddel innan næringsutvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrke tilgangen på risikovilleg eigenkapital <ul style="list-style-type: none"> - Styrke satsinga på preså Kornfond - Investorforum – møteplass for kapitaleigarar • Stimulere til vekst i småbedrifter gjennom tilrettelagd innsats innan innovasjon og FoU <ul style="list-style-type: none"> - M.a. erfarne rådgjevarar som hjelper bedriftene • Stimulere til fleire robuste næringsmiljø og legge til rette for bransjeuavhengige møteplassar for innovasjon og verdiskaping
	<ul style="list-style-type: none"> • Entreprenørskap i skuleverket <ul style="list-style-type: none"> - Styrka innsats for å få til fleire studentbedrifter

3 Kunnskap

Strategi – satsinga kunnskap:

<http://verdiskapingsplanen.no/8-satsing-pa-kunnskap/>

Den 4-årige handlingsplanen – satsinga kunnskap:

<http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/5-kunnskap/>

3.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Endra føringar:

I vedteken industristrategi er ansvar for å følge opp «etablere teknologicampus Sogn og Fjordane» lagt til satsinga kunnskap.

Endringar som vert vurderte i året som kjem:

- Forskningsrådet lyser ut nytt regionalt samarbeidsprosjekt (venta lyst ut i mai 2016)
- KMD og KD gjennomfører pilotar (der Sogn og Fjordane deltek) som handlar om «mis-match» mellom arbeidslivet sin trang for kompetanse og dei utdanningsvala ungdom tek. Vi må vurdere om dette arbeidet kan koplast til aktivitet om å utvikle utdanningsinstitusjonar som kompetansesenter.

Målformuleringa vil bli vidareutvikla når resultatata frå ein nullpunktanalyse ligg føre. Dette vil tidlagast vere på plass til årsplanen for 2017.

I handlingsplanen (avsnitt 5.3.1) står det at partnerskapen skal sjå nærare på organiseringa av satsinga. Framlegget er at vi ikkje organiserer eit program «ta kunnskapen i bruk». Organisasjonsmodellen vert slik:

- Årleg rapportering til næringsforum (utvida næringsforum; supplert med Vestlandsforskning og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen)
- Ansvarleg for satsinga: Jan Heggheim, Næringsavdelinga
- Koordinator av det operative arbeidet: Lars Hustveit, Næringsavdelinga
- Eit operativt team sett saman med slik ansvarsfordeling:
 - Kunnskapsintensiv tenestytande næringar: Reidun Aasen Nesheim, IN
 - FoU: Lars Hustveit, Næringsavdelinga
 - Opplæring: Rolf Årdal / Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen sin stab
 - Rekruttering: Frode Henden, NAV

Teammedlemmene organiserer sitt arbeidsfelt ved å sørge for god informasjonsutveksling, få til kreativt samspel og såleis skape synergieffektar. Viktigast vil det bli å trekke med dei som har ansvar for ulike prosjekt.

3.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

FoU

For å nå målet om kvalitet, tilgjenge og relevans er desse aktivitetane prioritert i 2016:

- VRI (Verkemiddel for FoU og Innovasjon) skal avsluttast i 2016. Viktig arbeid vil vere å planlegge oppfølging av verkemiddel som no er utprøvde og etablere vidare samarbeid med forskningsrådet. Prioriterte område i 2016 er energi, mat og reiseliv, teknologi og IT og student- og forskarmobilitet.

- Regionalt forskingsfond fekk ny tinging for perioden 2016-2019 i fylkestings sak 56/15. Halvparten av søknadane frå fylket dei seks fyrste åra har vore frå offentleg sektor. Av 61 søknader so langt, har 19 fått tilsegn om støtte. Dette svarar til 31% utteljing. Målet er å auka utteljinga gjennom betre kvalitet på søknadane. Rådgjevinga vil derfor halde fram, og vidareutviklast. FoU bør også bli ein meir sentral del av satsingane i verdiskapingsplanen og som oppfølging av industristrategien.
- Føremålet med utviklingsavtalen mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning og Sogn og Fjordane fylkeskommune, er å styrke relevant forskning. I 2016 ønskjer vi setje i gang eit arbeid for å styrke forskingsmiljøa si evne til å delta i EU sitt forskingsprogram Horisont 2020.
- Innovasjonsforskninga (i VRI) skal gi oss innsikt i korleis samspelet forskning - næringsliv – verkemiddelapparatet kan bli best mogeleg. I 2016 vert dette arbeidet lagt til grunn for eit Interreg Europe initiativ med mål om å utvikle kunnskap om nettverksarbeid og om innovasjonsverkemiddel (Eiga sak for HKN 15. mars 2015).

Opplæring

For å utvikle kvalitet, tilgjenge og relevans er desse aktivitetane prioritert i 2016:

Utvikling av utdanningsinstitusjonar som kompetansesenter:

- Teknologicampus. Denne satsinga er politisk forankra i industristrategien og vil utgreie potensialet for ein felles open plattform for opplæring og infrastruktur i samarbeid med næringslivet.
- Sogn og Fjordane er eitt av 5 fylke om vil delta i prosjekt for utvikling av nasjonale kompetansestrategiar innan utdanningssektoren. Dette er eit tverrsektorielt utredningsarbeid som vert leia av KR D. Dette er eit overordna arbeid som vil generere fleire prioriterte satsingar framover.

Tenesteytande næringer

Målet er både at næringslivet får tilgang til kunnskapstenester og at det vert utvikla attraktive arbeidsplassar for ungdom.

Prioritert aktivitet Innovasjon Norge:

- Mobilisering ift grunderar, vekstbedrifter og innovasjonsmiljø, eks;
 - Ide til marknad arrangement ift nyetablerarar
 - Internasjonaliseringsarrangement
- Koordinering/samarbeid med andre aktørar i fylket, eks;
 - Kontordagar i Florø, Stryn, Måløy og Sogndal
 - Koordinere aktivitetar/handlingsplanar ift VRI3 «IT og Teknologi»
- Bruk av IN virkemiddel for å utløyse nyetableringar/vekst i eksisterande næringsliv der dette samsvarar med policy ift; nyskaping & vekstpotensiale. Spesielt fokus i 2016: ringverknader frå aktivitet knytt til datalagring

Prioritert aktivitet i fylkeskommunen/SIVA

- SIVA vil i 2016 evaluere verkemidla næringshage og inkubator. (Inkubatorane er viktige for utvikling av kunnskapsintensiv tenesteytande næringer. Oppfølginga er i verdiskapingsplanen lagt til arbeidet med nyskaping). Næringshage-

programmet skal vurderast i eiga politisk sak 1. kvartal. Målbedriftene skal ha ein meirverdi av å vere ein del av næringshagemiljøet.

- I VRI-prosjektet er ein aktivitet «IT og Teknologi». Aktiviteten skjer mellom anna i samarbeid med IT-forum. Prioritet i 2016 er velferdsteknologi, «store data» og opne data som grunnlag for nyskaping for å nemne aktivitet som er særleg relevant i høve kunnskapsintensiv tenesteyting.

Rekruttering

Rekrutting av arbeidstakarar med rett kompetanse er ei særleg utfordringar for fylket i dag og truleg i aukande grad innanfor planperioden til Verdiskapingsplanen. Rekruttering er først og fremst den einskilde bedrifta (privat eller offentleg sitt ansvar), men dei treng drahjelp for å lukkast.

- Framtidsfylket AS

Framtidsfylket sitt målretta arbeid for å marknadsføre fylket som eit attraktivt fylke å bu og jobbe i held fram. Dei 3 hovudpilarane i arbeidet er:

- Portalen framtidfylket.no
- Framtidsfylket Karrieremesser, Oslo-Bergen-Trondheim
- Framtidsfylket Trainee, 15 bedrifter tilbyr 20 traineestillingar i 2016

Desse aktivitetane bidreg utan tvil til at fylket vert meir synleg, at godt utdanna ungdom vert rekruttert til fylket. Framtidsfylket er finansiert gjennom bedriftsmedlemsskap, fylkeskommunal løyving og såkalla «rekompmidlar». Etersom «rekompmidlane» fell vekk i 2018 må ein ny finansieringsmodell på plass om arbeidet skal kunne vidareførast som i dag. Dette arbeidet må startast i løpet av 2016.

- NAV Sogn og Fjordane

Norge står overfor ei langvarig omstilling med ein forventa reduksjon i sysselsettingas innan oljerelatert verksemd over fleire år, men samstundes stabil utvikling innan andre delar av økonomien. NAV skal vere tettare på arbeidsmarknaden og arbeidsgjevarane slik at vi har nødvendig kunnskap både om rekrutteringsbehov og omstillingsbistand.

- NAV stiller krav om auka mobilitet på tvers av bransjar og geografi på nasjonalt nivå
- NAV har etablert ei særleg satsing for å bistå ledige i «oljefylka» til ledige jobbar i andre fylke. No har bedriftene i Sogn og Fjordane ein særleg sjanse til å rekruttere kompetent arbeidskraft.
- NAV Sogn og Fjordane etablerer 4 marknadsteam på tvers av NAV- kontora i fylket for å kunne yte gode samordna tenester til bedriftene.
- NAV vil i større grad bruke arbeidstreningsplassar i ordinære bedrifter enn tidlegare.

- Karriere Sogn og Fjordane

Karriere Sogn og Fjordane er ein partnerskap mellom fylkeskommunen og NAV. I tillegg vert arbeidet understøtta av ein samarbeidsavtale med LO, NHO, Høgskulen, Fagskulen, Ungt Entreprenørskap og Framtidsfylket AS.

I eit arbeidsliv med stadig større behov for omstilling og karriereskifte i eit livslangt perspektiv er dette eit viktig tilbod både til unge og vaksne. Rettleiinga er viktig for å

kunne gjere rette val tidleg mellom anna for å redusere fråfall i vidaregåande skule, men også for å bidra til flest mogleg kan delta i arbeid som overordna mål for norsk arbeidsliv.

Oppsummering

Ein viktig ambisjon i 2016 er å knyte arbeidet med kunnskap til bransjesatsingane i verdiskapingsplanen. Både norsk og europeisk innovasjonsforskning peikar på at aktørar arbeider for fragmentert. Sogn og Fjordane har dei beste føresetnadene for å bli gode på samhandling. Av dei konkrete utviklingstiltaka som er lista opp ovanfor, ser vi det som særleg viktig å løfte fram arbeidet med teknologicampus i Førde i 2016.

3.3 Verkemiddeloversikt

Verkemiddel i 2015:

Aktivitet	Sum	Spleiselaget er:	Merknad / Andre viktige verkemiddel:
Tema: Tenesteytande næringer (ansvar: Innovasjon Norge)			
Næringshagane	4.000.000	SIVA: 2.050.000 FK: 1.025.000 Målbedriftene: ca 1.000.000	
Utlysing av midlar: Bedriftsfinansiering			Dei fire siste åra har IN brukt mellom 10 og 22 mill i tilskot og mellom 3 og 60 mill i lån kvart år.
Tema: FoU (ansvar: Sogn og Fjordane fylkeskommune)			
VRI 2014-2016, Samhandlingsprosjektet	5.350.000	NFR: er finansiert FK: 850.000 IN: 1.000.000 Private: 1.800.000	Organisasjonsutvikling – utvikle arbeidsmetodar
VRI 2014-2016, Innovasjonsprosjektet	Ca 3.300.000	NFR: er finansiert FK: er finansiert Private: Timeverk	
Samarbeidsavtale fylkeskommunen – Innovasjon Norge - Forskingsrådet	3.600.000	SFFK: 600.000 IN: 1.200.000 NFR: 1.800.000	Finansiering for 3-års perioden 2016-2018 (SFFK fullfinansierte i november 2015)
Samarbeid med NFR «etter VRI»; utvikling av søknad			Ikkje kalkulert
Regionalt forskingsfond-Vest	45.900.000	RFF-Vest 45.900.000	2 utlysingar – 3 fylke
Utviklingsavtale med VF og HSF			Ikkje kalkulert. Mogeleg finansiering over andre satsingar
Interreg Europe søknad innan innovasjon (innovative nettverk og innovasjonsverkemiddel)			Ikkje kalkulert
Budsjettetert til ikkje kalkulert aktivitet		SFFK:1.800.000	
Tema: Opplæring (ansvar: Sogn og Fj. fylkeskommune)			
Forstudie og forprosjektmidlar			Policyutvikling: NAV sine individretta verkemiddel
Utvikling av «teknologicampus»			Ikkje kalkulert

Erasmus + søknad innan entreprenørskap			Ikkje kalkulert
Utvikle nye studium innan IKT Havrommet			Finansiering avklara i 2015 av Innovasjon Norge sentralt
Budsjettet til ikkje kalkulert aktivitet		SFFK: 1.050.000	
Tema: Rekruttering (Ansvar: NAV)			
Karrieresenteret			Spleiselag NAV – FK (Driftsoppgåve)
Framtidsfylket	Ca 4.000.000	Rekomp st.: 1.000.000 Private: 600.000 Prosjekt: 2.400.000	

4 Reiseliv

Strategi – satsinga reiseliv:

<http://verdiskapingsplanen.no/11-satsing-pa-reiseliv/>

Den 4-årige handlingsplanen – satsinga reiseliv:

<http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/8-reiseliv/>

4.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Ansvarsfordeling

- Styringsgruppa for reiselivsplanen er det same som næringsforum og vert leia av fylkesdirektøren for næring
- Bedriftsnettverket vert leia av Innovasjon Norge
- Berekraftgruppa vert leia av Fylkesmannen si landbruksavdeling
- Infrastrukturprogrammet vert leia av fylkeskommunen si næringsavdeling

Reiselivsplanen definerer sju strategiske handlingsområde som er prioriterte tema for programstyra og som tiltaka vert utleidd frå. Dei ulike programgruppene har sine meir detaljerte planar for korleis dei ulike tiltaka nedanfor skal følgjast opp i praksis.

4.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

Samhandling

Ansvar: Fylkeskommunen

- Kalle saman leiarane for kvart programstyre tre- fire gonger i året for å koordinere reiselivsarbeidet, gjere langsiktige prioriteringar, sikre god informasjonsflyt og dele ny kunnskap
- Følgje opp vestlandsstrategien for reiseliv
- Følgje opp nasjonal reiselivsstrategi «Destinasjon Norge» (2012)
- Følgje opp ny stortingsmelding for reiseliv
- Følgje opp Regional cruisestrategi og lage tiltaksplan

Ansvar: Berekraftgruppa

- Betre samarbeidet mellom lokale reiselivsbedrifter og matprodusentar
- Utføre ei undersøking blant miljøsertifiserte bedrifter og reisemål
- Vurdere korleis talet miljøsertifiserte bedrifter og reisemål kan auke på bakgrunn av undersøkinga blant dei som allereie er miljøsertifisert

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Arrangere kurs for bedrifter og organisasjonar som er i målgruppa for infrastrukturmidlar og spelemidlar
- Ein representant frå avdeling for samferdsle skal inviterast inn i programstyre for infrastruktur

Ansvar: Fylkeskommunen

- Vurdere ny avtale med NCE Tourism Fjord Norway
- Følgje opp ny avtale med Fjord Norge

Ansvar: Innovasjon Norge

- Følgje opp eksisterande bedriftsnettverk bl.a med ekstern behovsprøvd bistand
- Følgje spesielt opp bedriftsnettverk som har forprosjekt, få desse over i hovudprosjekt
- Følgje opp strategisamlinga for hotellnæringa i fylket med workshop mellom turoperatørar og næringsaktørar
- Samling for reiselivsbedrifter med aktuelle tema

Berekraftig reiseliv

Ansvar: Berekraftgruppa

- Følgje opp rapporten frå forskingsprosjektet «Samspel for berekraftig reiseliv»

Ansvar: Fylkeskommunen og Innovasjon Norge

- Gjere tilskotsordning for miljøsertifisering av reiselivsbedrifter meir kjend gjennom kurs og samlingar

Ansvar: Innovasjon Norge og destinasjonsselskapa

- Gjere tilskotsordning for berekraftig reisemålsutvikling meir kjend gjennom kurs og samlingar

Produktutvikling

Ansvar: Infrastrukturprogrammet og Innovasjon Norge

- Utvikle og styrke produkt i tråd med NCE Tourism sine tematiske satsingar
- Utvikle og styrke produkt med andre strategiske føringar for produktutvikling i Sogn og Fjordane, til dømes gjennom bedriftsnettverka til Innovasjon Norge

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Prioritering av eksisterande og potensielle fyrtårn (verdt ei reise) hjå alle destinasjonane
- Etablere minst ei rundreise i Sogn og Fjordane med fokus på å kople saman fyrtårn og etablere eit heilskapleg kommersielt produkt
- Følgje opp arbeidet med strategiar og kriterier for god vandresatsing jamfør også rapport for «Samspel om berekraftig reiseliv»

Infrastruktur og fellestiltak

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Lyse ut midlar til infrastrukturprosjekt
- Følgje opp nasjonal standard for merking og gradering av turstiar
- Inngå samarbeid med samferdsle for å identifisere kjerneruter for reiselivet i fylket
- Arbeide for tettare samarbeid med samferdsle for å få transport knytt til reiseliv inn i arbeid med ruter, anbod og liknande
- Arbeide for å betre digital infrastruktur – dekning (vere på nett) i dei viktigaste turistområde, booking
- Arbeidet for betre organisering og samarbeid knytt til fellesgodetiltak

Ansvar: Berekraftgruppa og infrastrukturprogrammet

- Arbeide for etablering av interkommunale friluftsråd

Ansvar: Fylkeskommunen

- Leie forum for fysisk aktivitet og bruke forumet som ressurs for arbeid med å styrkje infrastruktur

Marknadskommunikasjon

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Internasjonal marknadsføring gjennom satsing på Fjord Norge, sterke destinasjonsselskap og aktive næringsbedrifter
- Styrkje samarbeid mellom destinasjonsselskapa om marknadsføring mot den norske marknaden og for å auke skulder- og vintersesongen
- Bruke berekraft i marknadskommunikasjon både nasjonalt og internasjonalt

Ansvar: Innovasjon Norge

- Sende ut nyhendebrev til næring tre-fire gonger i året

Kunnskap og kompetanse

Ansvar: Innovasjon Norge (og fylkeskommunen)

- Følgje opp «Forskningsprogram for reiseliv», deltaking i styringsgruppe og midlar
- Følgje opp etablering av betre statistikk om utviklinga i reiselivsnæringa
- Synleggjere eksisterande og eventuelt bidra til å utvikle nye opplæringsprogram ut i frå behov i reiselivsnæringa

Ansvar: Innovasjon Norge

- Tilby og delfinansiere kurs gjennom kompetanseprogram for reiselivsnæringa
- Gjennomføre «Bygg bedrift for kulturnæringane» for å auke verdiskaping i kulturbaserte verksemdar

4.3 Ressursar til arbeidet i 2016

Aktivitet	Partnerar Ansvarleg i kursiv	Ressursar	
		Økonomiske ressursar	Andre ressursar Kommentar om økonomi
Berekraft	FMLA		Fagleg leiing 46 vekeverk
Prosjekt lokal mat og reiseliv	Eksist fleirårig prosjekt, Nordfjord, BU	200 000	
Diverse prosjekt i grenseflata mellom lokal mat og reiseliv	Erfaringstal, BU- midlane vert fordelt i juni	200 000	
Mobilisering lokal mat og reiseliv, oppfølging	FMLA		Har ein person som arbeider med lokal mat, inkludert lokal mat og reiseliv
Undersøking av erfaringar med miljøsertifisering i reiselivsbedrifter	HiSF, VF, FK, FM, IN	50 000	Omdisponering av midlar sett av til miljøsertifisering
Oppfølging av rapport «Samspel for berekraft reiseliv»	FM, FK og VF		Bruke eigna arena til å presentere funna i rapporten
Infrastrukturprogram	SFFK- NKA		Fagleg leiing 46 årsverk
Fjord Norge internasjonal markandsføring	SFFK- NKA, Fjord Norge, destinasjonsselskapa	3 000 000	Finansiering i lag med dei andre fylkeskommunane, ny avtale frå 2016
NCE Tourism Fjord Norway	SFFK- NA, destinasjonsselskapa, Fjord Norge	350 000	Finansiering med dei andre fylkeskommunane
Avtale destinasjonsselskapa	SFFK- NA, destinasjonsselskapa	2 700 000	
Admin. styringsgruppa for reiselivsplanen	SFFK- NA	200 000	
Forskningsprogram reiseliv	SFFK- NA, IN, HISF, VF	1 000 000	I tillegg kjem finansiering frå In og bedrifter, eigeninnsats hjå HiSF og VF
SFFK sin andel av Vestlandsprosjektet for merking	SFFK- PSA, SFFK NA	350 000	I tillegg kjem løyving på 600 000 kr. frå Gjensidigestiftinga

Utlysning av midlar til infrastruktur	SFFK NA, destinasjonsselskapa		INU- FSF midlar sett av til reiseliv
Fleire og sterkare reiselivsbedrifter	IN		Fagleg leiing på 55 årsverk
Kompetansehevande kurs	IN, destinasjonsselskapa	500 000	Både sentrale og regionale midlar, alt etter rammeforbruk
Bedriftsnettverk	IN	2 500 000	Løyvingar gjennom nasjonal/ regional pott
Bedriftsfinansiering	IN	8 000 000	Overslag over bedrifts- utviklingstilskot basert på historiske tal

5 Olje og gass

Strategi – satsinga olje og gass:

<http://verdskapingsplanen.no/12-olje-og-gass/>

Den 4-årige handlingsplanen – olje og gass::

<http://verdskapingsplanen.no/handlingsplan/6-olje-og-gass/>

5.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Ingen særskilde endringar

5.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

Viktige innsatsområde for 2016:

- Tett oppfølging av operatørselskapa
 - Følgje Statoil sine vurderingar om vidareutvikling av Snorre-feltet. Ha tett dialog med selskap og sentrale styresmakter om dette.
 - Følgje opp Statoil sine positive utsegner om utvikling av logistikkcenter for røyr og røyrbasen generelt.
 - Sikre at Statoil ikkje gjer endringar som fører til reduksjon i aktivitet når det gjeld helikopterflyging og segling frå Florø.
 - Aktiv oppfølging av andre feltoperatørarar og lisenshavarar utanfor kysten av fylket. Dette gjeld for felt i drift (som Engie/Gjøa og BG/Knarr) så vel som funn/felt under planlegging (som til dømes Wintershall/Skarfjell, Total/Garantiana og Suncor/Beta).
- Systematisk oppfølging av arbeidet til Maritim forening Sogn og Fjordane.
- Halde god dialog med GCE Subsea-kontoret.
- Oppdatering og utsjekk av samarbeidsmoglegheiter:
 - Halde god dialog med Fjord base og bedriftene som er lokalisert der.

- Besøke Sløvåg og Lutelandet .
- Bidra til å få fram ein god og mest mogleg fullstendig oversikt over aktuelle leverandørar til petroleumsnæringa, samt andre viktige forhold som operatørselskap som kan tenkjast å etablere seg i fylket vil etterlyse.
- Lage mal for rapportering frå petroleumsrådet til aktuelle politiske organ og andre sentrale interessentar.

Innsatsen til Maritim forening Sogn og Fjordane (MFSF) er organisert i utviklingsprogrammet Supply Chain Network. Handlingsplan 2016:

- Strategisk arbeid
 - To nettverkssamlingar (vår og haust)
 - To leverandørtreff med relevante tema
 - Relasjonar til andre fylke
- Synleggjering/kommunikasjon
 - Leverandørkatalog
 - ONS 2016
 - Digital synleggjering
- Kvalifisering og kompetanseutvikling
 - Samordne kurs for å bli leverandør til petroleumsnæringa
 - Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø
 - Samle utdanning og næringsliv
- Marknadskunnskap
 - Verdiskapingsanalyse
 - Innhente og distribuere marknadsinformasjon
- Prosjektretta næringsklynger
 - Kartlegging og modell for klynger
 - Pilotprosjekt
 - Iverksette tiltak som stimulerer til klyngedanning

5.3 Ressursar til arbeidet i 2016

Det er kun tilgjengeleg oversikt over midlar frå fylkeskommunen. Dette går fram av fylkeskommunen sitt budsjett.

6 Sjømatnæringane

Overordna strategi – satsinga Sjømatnæringane:

<http://verdiskapingsplanen.no/10-satsing-pa-sjomatnaeringar/>

Den 4-årige handlingsplanen – satsinga Sjømatnæringane:

<http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/7-sjomatnaeringane/>

6.1 Endringer som gjeld grunnlaget for satsinga:

Mindre justeringar i mål for **programmet rekruttering og kompetanse i sjømatnæringane**.

Det er lagt inn ein måleindikator på tal søkjarar til naturbruksfag (Vg 1), sidan all rekruttering vidare til Akvakultur (Vg 2) og Fiske og fangst (Vg 2) kjem frå elevar som har gjennomført naturbruksfag.

Tema	Måleindikator	2012	2017	2021	2025	Endring	Målepunkt
Delmål akvakultur	Tal søkjarar naturbruksfag (Vg 1)	13	20	25	30	auke 17 elevar	årleg
	Tal søkjarar akvakultur (Vg 2)	3	10	20	30	auke 27 elevar	årleg
	Tal søkjarar fiske og fangst (Vg 2)	5	10	12	15	auke 5 elevar	milepæl
	Etablert undervisningskonsesjon		1			100 %	milepæl
Delmål fiskeri	Relativ del fiskekvoter heimehøyrande i fylket	4,4 %	4,4 %	4,4 %	4,4 %	uendra	milepæl
	Relativ del yngre hovudfiskarar <30 år	21 %	22 %	23 %	25 %	5 %	årleg

Det er vidare gjort endringar i hovudmål og delmål for programmet:

Overordna mål: Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft for å kunne realisere Verdiskapingsplanen sine ambisjonar om auke i tal arbeidsplassar i 2025

Effektmål (kvifor) Bidra til at fleire tilsette innan sjømatnæringane får relevant kompetanse.

Resultatmål Gjennomføre tiltak som resulterer i auke i tal søkjarar til Måløy vidaregåande skule (Naturbruk, Fiske og Fangst, Akvakultur, TAF). Utvikle tilbod om felles løysingar tilpassa næringa sine behov for kompetanse.

Delmål

- 1 Utvikle ei attraktiv fagutdanning på vidaregåande skule retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane.
- 2 Utvikle Måløy Vidaregåande skule si rolle som marint kompetansesenter

Programmet er organisert slik:

Programansvarleg: Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Jan Heggheim

Programleiar: SFFK v/Lena Søderholm

Programgruppe: Opplæringsavdelinga (SFFK) v/Per Jørgen Loen
Måløy vidaregåande skule v/Karl Ottar Rundereim
Sogn og Fjordane fiskarlag v/Geir Magne Røys
Salmon Group v/Solveig Willis

Ansvarleg for oppfølging av delmål 1: Lena Søderholm

Ansvarleg for oppfølging av delmål 2: Frode Hovland

Arealbruk i sjømatnæringa

Arbeidet vil ta til når godkjent program ligg føre.

Avtale Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane, avtale med Innovasjon Norge

Målet er å auke innovasjonsgraden i sjømatnæringane og bidra til knoppskyting, nye etableringar og utvikling i eksisterande selskap.

6.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

Innovasjon og nyskaping:

- Mobilisering av grunderar, vekstbedrifter og innovasjonsmiljø, eks;
 - Ide til marknad arrangement for nyetablerarar
 - Internasjonaliseringsarrangement
 - Deltaking på relevante arrangement der ein treff næringsaktørar, så som Aqua Nor, Nor-Fishing, Brussel. Også lokale arrangement mot næringa i Sogn og Fjordane.
- Lette koordinering/samarbeid med andre aktørar i fylket, til dømes gjennom at IN har kontordagar i Florø, Stryn, Måløy og Sogndal.
- Bruk av IN verkemiddel for å utløyse nyetableringar/vekst i eksisterande næringsliv der dette samsvarar med IN policy ift; nyskaping & vekstpotensiale (gjeld alle relevante ordningar i IN).

Rekruttering og kompetanse

Oppstart av to prosjekt i 2016:

I Marin utdanning i øvre sjiktet, med følgjande aktivitet:

- A1 Etablere ein undervisningskonsesjon tilknytt Måløy vidaregåande skule
- A2 Opprette eit fond for rekrutteringstiltak, primært til oppdrettsnæringa
- A3 Få på plass ordning som kan erstatte eller supplere «MS Skulebas»
- A4 Initiere tiltak som kan bidra til å vidareutvikle marin utdanning ved Måløy vidaregåande skule (t.d. tettare kontakt med FoU-miljø og med næringa)

II Måløy marine kompetansesenter, med følgjande aktivitet:

- A1 Kartlegge kompetanse- og rekrutteringsbehovet i dei marine næringane i fylket
- A2 Planlegge tiltak som kan møte kompetansebehovet
- A3 Prioritere og gjennomføre tiltak

Arealbruk i sjømatnæringa

Etablere program med langsiktige mål, og programgramgruppe.

6.3 Verkemiddeloversikt

Med unnatak av Innovasjon Norge som har avtale om å gjennomføre aktivitetar innan Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane, har ingen andre partnarar gått inn med midlar eller bunde seg til timebruk i 2016.

Så langt har arbeidet i «Sjømatnæringa» vore på eit overordna nivå, og truleg vil ein sjå, når ulike aktivitetar vert konkretisert og starter opp, at fleire aktørar vil gå inn med midlar til dei ulike tiltaka.

Vi ser at mykje av aktiviteten i *program rekruttering og kompetanse* er avhengig av å få på plass eit fond som følgje av utleige av undervisningskonsesjonen. Eit fond vil gje minimum 2 mill. kr/år til arbeidet med rekruttering og kompetanseheving i marine næringar. Dette fondet vil tidlegast vere på plass i 2017.

Aktivitet	Sum	mrk
Innovasjon og nyskaping		
div. aktivitetar	IN etter aktivitet/søknad	
Arealbruk i sjømatnæringa		
Opparbeiding av Marine grunnkart (2015)	SFFK: 1 309 650 NGU: 3 000 000 Kommunane: 1 030 000 Oppdrettsnæringa: 660 350	Kommunane er Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje
Prosjekt: Lokalisering av akvakultur	2 000 000	Marint verdiskapingsfond Sogn og Fj.
Rekruttering og kompetanse		
Tiltak og prosjekt	Ikkje estimert	

7 Politiske problemstillingar

Politiske problemstillingar er lista opp som del av verdiskapingsplanen og er samla på: <http://verdskapingsplanen.no/politiske-problemstillingar/>

Politiske saker vert fremja etter kvart som problemstillingar er aktuelle.

Næringsforum ønskjer å møte hovudutval for næring og kultur til ein dialog om dei politiske sidene ved verdiskapingsplanen på eit av hovudutvalsmøta. Framlegget er møtet 25. oktober 2016.